

På tide med rettferdig fordeling i jordbruket

Jordbruket har lenge hatt store utfordringar med lønsemd mellom produksjonar. Til og med no, når jordbruket har nytt talgrunnlag å berekne inntekta på og per definisjon er jamstilt, har vi store interne inntektsforskjellar mellom produksjonane. Dette er usolidarisk.

Jordbruket er tufta på solidaritet, samhald, deling og arbeidsinnsats. Fundamentet må vera at tid er like mykje verdt for alle. Når jamstillinga av jordbruket er gjennomført, MÅ inntektene fordelast internt mellom næringane. Dette handlar ikkje om kven som får mest og minst jordbruksstøtte, men om at alle bønder bør kunne forvente å ha om lag lik inntekt som sine felles kollegaer per arbeidstime.

Ein del av utfordringa ligg i systemet og i utmålinga av inntekter. Vi veit at det ikkje er rett fram å treffe dei som treng det mest, og det er freistande å sei at når systemet ikkje tener brukaren, har brukaren vorte tenar for systemet. Dette bør oppfattast som eit tydeleg signal på at systemet treng endring!

Hordaland og Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag fremjar krav om at årets jordbruksforhandlingar må ha ein klart utjamnande profil som styrker dei produksjonane som har lågast inntekt per årsverk. Vi ber óg Norsk Bonde- og Småbrukarlag utfordra den manglande evna dagens system har til å løyse problemet med dei store inntektsforskjellene i næringa.